



## DET KONGELIGE KOMMUNAL- OG MODERNISERINGSDEPARTEMENT

Ifølge liste

Deres ref

Vår ref

Dato

18/7-6

08. oktober 2018

### **Orientering om framlegg til statsbudsjettet for 2019-programkategori 13.50 Distrikts- og regionalpolitikk-førebels rammer**

Kommunal- og moderniseringsdepartementet informerer med dette om framlegget til budsjett for regional- og distriktspolitikken for 2019. Departementet sender ut oppdragsbrev, tildelingsbrev og tilskotsbrev etter at statsbudsjettet er vedtatt i Stortinget. Det kan come endringar i rammene og i fordelinga av midlane. Dette orienteringsbrevet er eit grunnlag for planlegging.

Målet for regional- og distriktspolitikken er regional balanse gjennom vekstkraft, likeverdige levekår og berekraftige regionar i heile landet. Ein berekraftig region har ei balansert samansetjing av befolkninga og forvaltar menneskelege ressursar og naturressursar for utvikling og verdiskaping no og i framtida. Dette vil leggje til rette for å halde på hovudtrekka i busetjingsmønsteret.

Ein vellukka regional- og distriktspolitikk føreset innsats på fleire politikkområde. Differensiert arbeidsgivaravgift og inntektssystemet for kommunar og fylkeskommunar er viktige døme på slik innsats. Samla foreslår regjeringa å løyve om lag 42,7 mrd. kroner til verkemidlar under andre politikkområde som enten er grunngjeve i distriktspolitiske mål, eller som er særleg viktige for distriktsområde. Dette er ein vekst på om lag 4 pst. samanlikna med 2018. Regjeringa gjer framlegg om ei løyving på om lag 1,2 mrd. kroner under programkategori 13.50 for 2019. Det inneber ein reduksjon på om lag 223 mill. kroner samanlikna med saldert budsjett for 2018. Regjeringa viser til framlegg om auka løyvingar til samferdsle og andre næringsretta tiltak som vil styrke vekstkrafta i heile landet.

Postadresse  
Postboks 8112 Dep  
0032 Oslo  
postmottak@kmd.dep.no

Kontoradresse  
Akersg. 59  
www.kmd.dep.no

Telefon\*  
22 24 90 90  
Org.nr.  
972 417 858

Avdeling  
Regionalpolitisk  
avdeling

Saksbehandler  
Knut Ove Nordås  
22 24 70 49

### **Mål og rammer for 2018**

Målstrukturen tydeleggjer den geografiske målrettinga av budsjettmidlane – med eitt hovudmål for distriktpolitikk og eitt for regionalpolitikk.

**Tabell 1** Mål for programkategori 13.50 Distrikts- og regionalpolitikk

<b>Hovudmål</b>	<b>Delmål</b>
1. Omstillingsdyktig næringsliv og lokalsamfunn i distrikta	1.1 Eit verdiskapande næringsliv i område med spreidd busetjing og store avstandar 1.2 Inkluderande og vekstkraftige lokalsamfunn i område med særlege distriktsutfordringar 1.3 Tilgang til grunnleggjande private tenester i område med få innbyggjarar
2. Omstillingsdyktige regionar	2.1 Velfungerande næringsmiljø og tilgang til relevant kompetanse 2.2 Økonomisk vekst og samarbeid i byregionar og over landegrensene 2.3 Nye arbeidsplassar i område som er ramma av vesentleg reduksjon i sysselsetjinga

**Tabell 2** Forslag til løyvingar på postar under programkategori 13.50, førebels rammer. Tal i mill. kroner. 1)

<b>Delmål</b>	<b>Post</b>	<b>Nemning</b>	<b>Framlegg Prop. 1 S 2019</b>
1.1	550.62	Bedriftsrettede låne- og tilskuddsordninger i distriktene	453,090
	550.70	Bedriftsrettede programmer i distriktene	119,016
1.2	550.64	Inkluderende og vekstkraftige lokalsamfunn	50,000
	554.01	Kompetansesenter for distriktsutvikling (NB inkl administrasjon av Merkur)	32,753
1.3	550.73	Merkur-programmet	49,708
2.1	553.60	Regionale tiltak for utvikling av næringsmiljøer og tilgang til kompetanse	47,000
	553.74	Nasjonale tiltak for klynger og innovasjonsmiljø	281,089
2.2	553.63	Grenseregionale Interreg-program	52,736
	553.76	Nordisk og europeisk samarbeid	30,870
2.3	553.65	Omstillingsprogrammer ved akutte endringer i arbeidsmarkedet	79,856

1) Budsjettpostene har overskrift på bokmål for å samsvare med budsjettproposisjonen

## ***Innhaldet i hovudmåla og postane***

### **Hovudmål 1 Omstillingsdyktig næringsliv og lokalsamfunn i distrikta**

Regjeringa foreslår 704,6 mill. kroner til poster under hovudmål 1.

#### Delmål 1.1 Kap. 550, post 62 Bedriftsrettede låne- og tilskuddsordninger i distriktene

Regjeringa foreslår ei løyving på 453,1 mill. kroner. Dette er ein nedgang på 34,6 mill. kroner frå saldert budsjett 2018. Løyvinga skal nyttast innanfor verkeområdet for distriktsretta investeringsstøtte. Løyvinga inkluderer administrasjons- og gjennomføringskostnader for Innovasjon Noregs forvaltning av ordningane, og eventuelle omstillingskostnader i Innovasjon Noreg som følgje av reduksjonen på posten.

Distriktsindeksen blir nytta til fordeling av midlane mellom fylkeskommunane, og tar utgangspunkt i kommunane innanfor verkeområdet for distriktsretta investeringsstøtte. Fordelinga blir gjort med ei vekting der fylkeskommunane får eit større beløp per innbyggjar i kommunar med størst distriktsutfordringar, og med eit tillegg for innbyggjarane i Tiltakssona for Finnmark og Nord-Troms. Distriktsindeksen er berekna på same måte som for 2018. For den fylkesvise fordelinga, sjå vedlegg 1.

#### Delmål 1.1 Kap. 550, post 70 Bedriftsrettede programmer i distriktene

Regjeringa foreslår ei løyving på 119,0 mill. kroner. Dette er ein auke på 3,4 mill. kroner frå saldert budsjett 2018. Løyvinga er fordelt med 88,0 mill. kroner til Næringshageprogrammet til Siva og 31,0 mill. kroner til Bioøkonomiordninga og Mentortenensten for gründerar til Innovasjon Noreg.

#### Delmål 1.2 Kap. 550, post 64 Inkluderende og vekstkraftige lokalsamfunn

Regjeringa foreslår ei løyving på 50,0 mill. kroner. Dette er ein nedgang på 104,4 mill. kroner frå saldert budsjett 2018.

Sidan løyvinga er redusert, vil innsatsen bli konsentrert om dei 10 fylkeskommunane som har flest kommunar med distriktsutfordringar. Distriktsindeksen blir nytta til fordeling av midlane mellom fylkeskommunane, og tar utgangspunkt i dei 120 kommunane med dei største distriktsutfordringane. Fordelinga blir gjort med ei vekting der fylkeskommunane får eit større beløp per innbyggjar i kommunar med størst distriktsutfordringar. Distriktsindeksen er berekna på same måte som for 2018. Det blir ikkje tildelt midlar til fylkeskommunar som får under 500 000 kroner i fordelingsmodellen. Sjå vedlegg 1.

Ramma til Buskerud fylkeskommune er for 2018-2020 auka med 1,0 mill. kroner per år. Midlane skal gå til Hallingdal regionråd, for å støtte arbeidet med utvikling av eit kompetanse miljø for reiseliv.

#### Delmål 1.2 Kap. 554, post 01 Kompetansesenter for distriktsutvikling

Regjeringa foreslår ei løyving på 32,8 mill. kroner. Dette er ein auke på 5,0 mill. kroner samanlikna med saldert budsjett 2018. Årsaka til at løyvinga er auka, er at Distriktsenteret overtar forvaltning og administrasjon av Merkur-programmet i 2019. Løyvinga til

Distriktssenteret skal dekkje alle driftsoppgåver, også innkjøp av forskning og utgreiingar. Departementet foreslår at løyvinga på posten kan overskridast mot ei tilsvarande meirinntekt på kap. 3554, post 01.

#### Delmål 1.3 Kap. 550, post 73 Merkur-programmet

Regjeringa foreslår ei løyving til Merkur-programmet på 49,7 mill. kroner. Dette er ein auke på 1,4 mill. kroner frå saldert budsjett 2018.

### **Hovudmål 2 Omstillingsdyktige regionar**

Regjeringa foreslår 491,6 mill. kroner til poster under hovudmål 2.

#### Delmål 2.1 Kap. 553, post 60 Regionale tiltak for utvikling av næringsmiljøer og tilgang til kompetanse

Regjeringa foreslår ei løyving på 47,0 mill. kroner. Det er ein reduksjon på 95,0 mill. kroner frå saldert budsjett for 2018.

Alle fylkeskommunane får ei ramme på 2,0 mill. kroner (Trøndelag får 4,0 mill. kroner). Finnmark, Nordland og Troms fylkeskommunar får 3,0 mill. kroner ekstra til å forsterke arbeidet med å mobilisere bedrifter til kompetanseutvikling av tilsette gjennom etter- og vidareutdanning. Sjå vedlegg 1.

#### Delmål 2.1 Kap. 553, post 74 Nasjonale tiltak for klynger og innovasjonsmiljø

Regjeringa foreslår ei løyving på 281,1 mill. kroner. Dette er ein auke på 31,2 mill. kroner frå saldert budsjett 2018. Løyvinga er fordelt slik:

- Ei ny satsing på Innovasjonspartnerskap med 24,0 mill. kroner, som skal opne opp nye marknader for innovative bedrifter via offentleg-privat samarbeid om offentlege innkjøp. Ordninga er i regi av Innovasjon Noreg og skal avlaste risiko hos offentlege verksemdar og private aktørar som saman skal gjennomføre krevjande og ambisiøse offentleg-private innovasjonsprosessar.
- Norwegian Innovation Clusters og bedriftsnettverk i Innovasjon Noreg med 116,0 mill. kroner, dvs. ein auke på 3,3 mill. kroner.
- FORREGION i Forskningsrådet med 76,1 mill. kroner, dvs. ein auke på 2,1 mill. kroner.
- Inkubasjonsprogrammet i Siva, med 56,8 mill. kroner, dvs. ein auke på 1,6 mill. kroner.
- For å følgje opp Nordområdestrategien, er det foreslått sett av 4,1 mill. kroner til Bedriftsnettverk og 4,1 mill. kroner til mobilisering av bedrifter til auka bruk av FoU innanfor ramma til FORREGION. Midlane skal nyttast i Nord-Noreg. Målet er at desse tiltaka og Nord-Norge-tiltaket på kap. 553, post 60 samla sett skal medverke til fleire konkurransedyktige leverandørmiljø.

#### Delmål 2.2 Kap. 553, post 63 Grenseregionale Interreg-program

Regjeringa foreslår ei løyving på 52,7 mill. kroner. Dette er ein auke på 1,4 mill. kroner frå saldert budsjett 2018. Løyvinga skal dekke programma Øresund-Kattegat-Skagerak (ØKS), Sverige-Norge, Botnia-Atlantica, Nord og Kolarctic. Framlegget gjer at den norske statlege

finansieringsandelen av Interreg-programma blir på om lag same nivå som i 2018. For den fylkesvise fordelinga sjå vedlegg 2.

#### Delmål 2.2 Kap. 553, post 76 Nordisk og Europeisk samarbeid

Regjeringa foreslår ei løyving på 30,9 mill. kroner. Dette er ein auke på 0,9 mill. kroner frå saldert budsjett 2018. Posten finansierer norsk deltaking i Interreg-program i større europeiske regionar (transnasjonale program), Østersjøen, Nordsjøen, Nordleg Periferi og Arktis (NPA), i tillegg til dei alleuropeiske programma Interreg Europe, ESPON og INTERACT og anna internasjonalt samarbeid.

#### Delmål 2.3 Kap. 553, post 65 Omstillingsprogrammer ved akutte endringer i arbeidsmarkedet

Regjeringa foreslår ei løyving på 79,9 mill. kroner. Dette er ein reduksjon på 32,1 mill. kroner samanlikna med saldert budsjett for 2018. Av løyvinga er 15,0 mill. kroner ekstraordinære statlege omstillingsmidlar til Andøy kommune. Regjeringa vil bidra med ytterlegare 35 mill. kroner utover forslaget i statsbudsjettet for 2019 til omstilling i Andøy kommune. Regjeringa legg til grunn at også Nordland fylkeskommune bidrar med ressursar til omstillingsarbeidet.

Løyvinga inkluderer også 13 mill. kroner til Innovasjon Noreg som er nasjonalt kompetanseorgan for lokal og regional omstilling.

For den fylkesvise fordelinga, sjå vedlegg 1.

#### **Stikkordfullmakt**

Regjeringa foreslår at fylkeskommunane får høve til å omdisponere mellom kap. 550, post 62 og post 64. Regjeringa foreslår også at fylkeskommunane får høve til å omdisponere mellom kap. 553, postane 60, 63 og 65. Med det vil fylkeskommunane ha fleksibilitet til å prioritere innanfor dei to hovudmåla.

#### **Forskrift og retningslinjer for tilskotsordningane**

To nye forskrifter er gjort gjeldande frå 1.6.2018:

- 1) Forskrift om Kommunal- og moderniseringsdepartementet sine distrikts- og regionalpolitiske tilskotsposter forvalta av fylkeskommunane.

Forskrifta gjeld desse tilskotsordningane:

- Tilskot til inkluderande og vekstkraftige lokalsamfunn i områder med særlege distriktsutfordringar (Kapittel 550, post 64)
- Velfungerande næringsmiljø og tilgang til relevant kompetanse (Kapittel 553, post 60)
- Tilskot til nye arbeidsplassar i kommunar med vesentleg reduksjon i sysselsettinga (Kapittel 553, post 65)

- 2) Forskrift om tilskot frå Merkur-programmet (Kapittel 550, post 73)

Forskrifta gjeld desse tilskotsordningane:

- Investeringstilskot til daglegvarebutikkar
- Utviklingstilskot til daglegvarebutikkar
- Servicetilskot

- Investeringstilskot til drivstoffanlegg ved daglegvarebutikkar
- Utviklingstilskot til bokhandlar

For tilskotsordningane under kap. 550, post 62, kap. 550, post 70 og kap. 553, post 74 blir det utarbeidd retningslinjer i samarbeid med verkemiddelaktørane. Målet er at desse skal vere ferdige innan nyttår, og at desse blir lagt ved oppdragsbrev for 2019.

### **Aktørfordeling**

Tabellen viser framlegget til fordeling av midlar på aktør, samanlikna med løyvinga i saldert budsjett 2018.

**Tabell 3** Aktørfordeling programkategori 13.50

<b>Forvaltar</b>	<b>Saldert 2018</b>	<b>Framlegg 2019</b>	<b>Endring 2018–2019</b>
Fylkeskommunane	932,4	667,3	-265,2
Innovasjon Noreg	161,9	190,6	28,7
Siva	140,7	144,8	4,1
Forskringsrådet	77,9	80,2	2,3
KMD	30,0	30,9	0,9
Mentor AS (Merkur-programmet)	48,3	-	-48,3
Distriktssenteret (inkl. Merkur-programmet)	27,7	82,5	54,7
<b>Totalt</b>	<b>1 419,0</b>	<b>1 196,1</b>	<b>-222,9</b>

Med helsing

Kristin Nakken (e.f.)  
Fung. ekspedisjonssjef

Knut Ove Nordås  
Seniorrådgjevar

*Dokumentet er elektronisk signert og har derfor ikke håndskrevne signaturer*

Vedlegg:

- 1) Fylkesfordeling av kap. 550, postane 62 og 64 og kap. 553, postane 60, 63 og 65
- 2) Fylkesfordeling av statlege midlar til Interreg

## Adresseliste

Akershus fylkeskommune	Postboks 1200 Sentrum	0107	OSLO
Aust-Agder fylkeskommune	Postboks 788 Stoa	4809	ARENDAL
Buskerud fylkeskommune	Postboks 3563	3007	DRAMMEN
Distriktssenteret Finnmark fylkeskommune	Ogndalsvegen 2 Fylkeshuset, Postboks 701	7713 9815	STEINKJER VADSØ
Hedmark fylkeskommune	Postboks 4404 Bedriftssenteret	2325	HAMAR
Hordaland fylkeskommune	Postboks 7900	5020	BERGEN
Innovasjon Norge Agder	Postboks 504	4898	GRIMSTAD
Innovasjon Norge Buskerud	Postboks 253 Bragernes	3001	DRAMMEN
Innovasjon Norge Buskerud og Vestfold	Postboks 253 Bragernes	3001	DRAMMEN
Innovasjon Norge Finnmark	Postboks 607	9811	VADSØ
Innovasjon Norge Hedmark	Furnesveien 81/83	2318	HAMAR
Innovasjon Norge Hordaland	Postboks 7322	5020	BERGEN
Innovasjon Norge Hovedkontoret	Postboks 448 Sentrum	0104	OSLO
Innovasjon Norge Møre og Romsdal	Postboks 166	6001	ÅLESUND
Innovasjon Norge Nord Trøndelag	Serviceboks 2540	7729	STEINKJER
Innovasjon Norge Nordland	Postboks 488	8001	BODØ
Innovasjon Norge Oppland	Kirkegata 80	2626	LILLEHAMMER
Akershus og Østfold Innovasjon Norge Oslo	Postboks 448 Sentrum	0104	OSLO
Innovasjon Norge Rogaland	Postboks 8034	4068	STAVANGER

Innovasjon Norge Sogn og Fjordane	Postboks 52	6861	LEIKANGER
Innovasjon Norge Sør-Trøndelag	Postboks 4330	7417	TRONDHEIM
Innovasjon Norge Telemark	Fylkesbakken 6	3715	SKIEN
Innovasjon Norge Tromsø	Postboks 6304	9293	TROMSØ
Innovasjon Norge Østfold	Postboks 13	1713	GRÅLUM
Møre og Romsdal fylkeskommune	Postboks 2500	6404	MOLDE
Nordland fylkeskommune	Fylkeshuset	8048	BODØ
Norges forskningsråd	Postboks 564	1327	LYSAKER
Oppland fylkeskommune	Postboks 988	2626	LILLEHAMMER
Oslo kommune	Rådhuset	0037	OSLO
Rogaland fylkeskommune	Postboks 130 Sentrum	4001	STAVANGER
SIVA - Selskapet for industrivekst SF	Postboks 1253 Torgarden	7462	TRONDHEIM
Sogn og Fjordane fylkeskommune	Fylkeshuset, Askedalen 2	6863	LEIKANGER
Telemark fylkeskommune	Postboks 2844	3702	SKIEN
Troms fylkeskommune	Postboks 6600	9296	TROMSØ
Trøndelag fylkeskommune	Postboks 2560	7735	STEINKJER
Vest-Agder fylkeskommune	Postboks 517 Lund	4605	KRISTIANSAND S
Vestfold fylkeskommune	Postboks 2163	3103	TØNSBERG
Østfold fylkeskommune	Postboks 220	1702	SARPSBORG



## Vedlegg 1

## Statsbudsjettet 2019: Fordeling av kap. 550, postane 62 og 64 og kap. 553, postane 60, 63 og 65. Tal i mill. kroner.

Fylke	2019						2018						Endring frå 2018
	550.62	550.64	553.60	553.63	553.65	Ramme 2019	550.62	550.64	553.60	553.63	553.65	Ramme 2018	
Østfold	1,8		2,0	6,7	4,0	14,5	1,8	0,8	7,0	6,5	7,0	23,1	-8,6
Akershus			2,0	5,7		7,7			7,0	5,5		12,5	-4,8
Oslo			2,0	1,1		3,1			7,0	1,0		8,0	-4,8
Hedmark	29,2	6,1	2,0	4,5	4,0	45,8	31,7	14,9	7,0	4,5	4,0	62,1	-16,3
Oppland	29,6	3,9	2,0			35,5	32,2	13,2	7,0			52,4	-16,9
Buskerud	8,9		2,0	1,1	4,0	16,0	8,8	3,0	7,0	1,0	4,0	23,8	-7,7
Vestfold			2,0	1,1	1,0	4,1			7,0	1,0	1,0	9,0	-4,8
Telemark	21,2	2,0	2,0	1,1	7,0	33,3	22,2	11,9	7,0	1,0	7,0	49,1	-15,7
Aust-Agder	8,4		2,0	1,1		11,5	8,7	3,3	7,0	1,0	4,0	24,0	-12,4
Vest-Agder	9,6		2,0	1,1		12,7	9,6	2,5	7,0	1,0	4,0	24,1	-11,3
Rogaland	5,9		2,0		3,0	10,9	6,3	3,0	7,0		9,0	25,3	-14,4
Hordaland	21,8	1,6	2,0			25,4	23,3	7,6	7,0		9,0	46,9	-21,5
Sogn og Fjordane	32,8	4,3	2,0			39,1	33,2	9,7	7,0		4,0	53,9	-14,8
Møre og Romsdal	30,8	4,3	2,0		4,0	41,1	32,7	10,1	7,0		9,0	58,8	-17,7
Trøndelag	52,7	4,8	4,0	8,9	3,0	73,4	55,3	19,3	14,0	8,9	3,0	100,5	-27,1
Nordland*	76,4	11,3	5,0	7,4	24,9	124,9	87,0	30,5	10,0	7,4	20,0	154,9	-29,9
Troms	45,3	5,7	5,0	7,5	6,0	69,5	50,3	13,4	10,0	7,5	8,0	89,2	-19,7
Finnmark	31,1	5,0	5,0	5,4	6,0	52,5	33,5	10,4	10,0	5,4	4,0	63,3	-10,8
Innovasjon Noreg	47,6				13,0	60,6	51,2				15,0	66,2	-5,6
Hallingdal regionråd (Buskerud)		1,0				1,0		1,0				1,0	0,0
<b>Totalt</b>	<b>453,1</b>	<b>50,0</b>	<b>47,0</b>	<b>52,7</b>	<b>79,9</b>	<b>682,7</b>	<b>487,7</b>	<b>154,4</b>	<b>142,0</b>	<b>51,3</b>	<b>112,0</b>	<b>947,4</b>	<b>-264,8</b>

\* I rammen til Nordland over kap. 553, post 65 inngår 15 mill. kroner i ekstraordinære statlege omstillingsmidlar til Andøy kommune

## Vedlegg 2

### Statlege midlar til Interreg

Tabell A: Statlege midlar til grenseregionalt samarbeid Interreg og ENI (Kolarctic) over kap. 553, post 63 fordelte på fylkeskommunane (mill. kroner).

Fylke	Nord	ENI <sup>1</sup>	Botnia- Atlantica	Sverige- Noreg	Øresund- Kattegat- Skagerrak	SUM
Østfold				5,54	1,13	6,67
Akershus				4,54	1,13	5,67
Oslo					1,13	1,130
Hedmark				4,54		4,54
Buskerud					1,13	1,13
Vestfold					1,13	1,13
Telemark					1,13	1,13
Aust-Agder					1,13	1,13
Vest-Agder					1,13	1,13
Trøndelag				8,88		8,88
Nordland	2,70	2,67	2,00			7,37
Troms	4,80 <sup>2</sup>	2,67				7,47
Finnmark	2,70	2,67				5,37
SUM	10,20	8,00	2,00	23,50	9,0	52,7

Tabell B: Statlege midlar til grenseregionalt samarbeid Interreg og ENI (Kolarctic) over kap. 553, post 63 fordelte på dei sekretariatsfylka som har ansvaret for økonomiforvaltninga i dei ulike programma/delprogramma (mill. kroner).

Fylkeskommunar med sekretariatsfunksjon	Midlar til Interreg
Østfold <sup>3</sup>	15,1
Hedmark <sup>4</sup>	8,60
Trøndelag <sup>5</sup>	8,80
Nordland <sup>6</sup>	2,00
Troms <sup>7</sup>	10,20
Finnmark (ENI) <sup>8</sup>	8,00
SUM	52,7

1 Grenseregionalt samarbeid med Russland innanfor rammene av EUs grenseprogram .

2 Tildelinga til Troms fylkeskommune inkluderer 2,15 mill. kr for norsk deltaking i delprogrammet Sápmi under Interreg Nord.

3 Ramma til Østfold fylkeskommune inkluderer midlar til å dekkje norsk deltaking i Interreg Øresund-Kattegat-Skagerrak og delprogrammet Grenseløst Samarbeid i Interreg Sverige-Noreg.

4 Ramma til Hedmark fylkeskommune inkluderer midlar til å dekkje norsk deltaking i delprogrammet Indre Skandinavia i Interreg Sverige-Noreg.

5 Ramma til Trøndelag fylkeskommune inkluderer midlar til å dekkje norsk deltaking i delprogrammet Nordens Grøne Belte i Interreg Sverige-Noreg.

6 Ramma til Nordland inkluderer midlar til å dekkje norsk deltaking i Interreg Botnia-Atlantica.

7 Ramma til Troms fylkeskommune inkluderer midlar til å dekkje norsk deltaking i Interreg Nord, inkludert delprogrammet Sápmi.

8 Ramma til Finnmark fylkeskommune inkluderer midlar til å dekkje norsk deltaking i EUs grenseprogram mot Russland (ENI (Kolarctic)) i 2018.